



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

# Kommunal beredskapsplikt

Volda kommune

Tilsynsdato: 26.09.2013

Rapportdato: 18.11.2013

## Innheld

<b>1 BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING.....</b>	<b>3</b>
1.1 FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2 PÅLEGG OM GJENNOMFØRING .....	3
1.3 TILSYNSTEMA .....	4
1.4 GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5 GJENNOMFØRING .....	5
<b>2 HOVUDINNTRYKK .....</b>	<b>6</b>
<b>3 RESULTAT FRÅ TILSYNET .....</b>	<b>7</b>
3.1 AVVIK .....	7
3.2 MERKNADER .....	8
<b>4 VIDARE OPPFØLGING.....</b>	<b>10</b>

## 1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkellopplysningene om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltagarar.

<b>Tidspunkt for tilsynet:</b>	20.08.2013 (formøte) 26.09.2013 (tilsyn)
<b>Adressa til kommunen:</b>	Stormyra 2, 6100 Volda
<b>Kommunenummer:</b>	1519
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	Per Ernst Lundberg
<b>Fylkesmannen sitt tilsynslag:</b>	Ketil Matvik Foldal (tilsynsleiar) Renate Frøyen (ikkje formøte) Odd Morten Taagvold (berre formøte)
<b>Tilsynsrapporten er skiven av:</b>	Ketil Matvik Foldal
<b>Tilsynsrapporten er godkjent av:</b>	Ketil Matvik Foldal (fylkesberedskapssjef)
<b>Førebels tilsynsrapport sendt:</b>	06.10.2013
<b>Endeleg tilsynsrapport sendt:</b>	18.11.2013
<b>Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:</b>	10.01.2014

### 1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Volda kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om communal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om communal beredskapsplikt.

### 1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Om gjennomføringa seier embetsoppdraget at:

"Tilsynet skal planlegges og gjennomføres i samsvar med DSBs tilsynsveileder. Fylkesmannen skal ha en årlig rullende tilsynsplan som over en fireårsperiode innebærer minst ett tilsyn i alle kommuner.."

### **1.3 Tilsynstema**

I møte mellom DSB og fylkesmennene i februar 2013 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2013.

### **1.4 Grunnlagsdokumentasjon**

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

<b>Nr.</b>	<b>Dokument</b>	<b>Datering</b>
1.	Heilskapleg ROS-analyse for Volda kommune	Gjennomført i 2013
2.	Kriseplan for Volda kommune (Plan for kriseleiinga)	Ajourført i mars 2013
3.	Kommunal planstrategi for Volda kommune 2012 – 2015	Revidert i 2012
4.	Overordna organisasjonsstruktur for Volda kommune	Vedteken i 2013
5.	Delegeringsfullmakt for utviklingssjef	Dagsett 02.08.2013
6.	Beredskapsplanverk for NAV Volda	Revidert i februar 2013
7.	Reguleringsplan for Volda Fjordhotell	Vedteken i 2012
8.	Brev til fylkeskommunen om rassikring av FV 40	Dagsett 06.02.2013
9.	Brev til fylkeskommunen om beredskapsferje	Dagsett 07.06. 2013
10.	Beredskapsplan for Volda vassverk	Revidert i 2010
11.	ROS-analyse for Volda vassverk	Gjennomført i 2002
12.	Beredskapsanalyse for Volda vassverk	Gjennomført i 2008
13.	Brev til Ørsta kommune om reservevassforsyning	Dagsett 25.06.2013
14.	Kommunestyresak om smittevern- og pandemiplan	Møtedato 28.04.2009
15.	Smittevernplan for Volda kommune	Revidert i 2009
16.	Pandemiplan for Volda kommune	Revidert i 2009
17.	Samarbeidsavtale med Volda sanitetslag	Underskriven 14.05.2012
18.	Evaluering av øving i Eiksundtunnelen	Dagsett 26.02.2012
19.	Evaluering av beredskapsøving i Dalsfjorden	Dagsett 11.04.2013

## 1.5 Gjennomføring

Felles formøte for kommunane Volda og Ørsta vart gjennomført i Volda 20.08.2013. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 26.09.2013. Kven som deltok går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte	Oppningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Arild Iversen	Ordførar	X	X	X	X
Rune Sjurgard	Rådmann	X	X	X	X
Per Ernst Lundberg	Beredskapsansvarleg	X	X	X	X
Roy Inge Heltne	Brannsjef		X	X	X
Arne Gotteberg	Kommuneoverlege		X	X	X
Jorun Anne Tomasdard	Helse- og omsorgsleiar		X		X
Ole Lennart Vassbotn	Ingeniør				X
Ketil Matvik Foldal	Fylkesberedskapssjef	X	X	X	X
Renate Frøyen	Rådgjevar		X	X	X
Odd Morten Taagvold	Rådgjevar	X			

## 2 Hovudinntrykk

Både dokumentgjennomgangen og tilsynsbesøket viste at Volda kommune er medviten om oppgåver og ansvar for samfunnstryggleik og beredskap. Kommunen har god forståing av status for beredskapsarbeidet – også forbetringspotensialet.

Vesentlege element som overordna strategiske føringer, heilskapleg risiko- ogårbarheitsanalyse og beredskapsplan er på plass. Kommunen sin eigen planstrategi dokumenterer status og gir tydelege mål og prioriteringar for oppfølging av fagområdet.

Dei avdekte avvika gjeld detaljar, og lukking av avvika føreset mindre justeringar innanfor kommunen sine etablerte system.

### 3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte fire avvik. To forhold er kommenterte som merknader.

#### 3.1 Avvik

Avvik er definert som manglende oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

##### Avvik nr. 1

Volda kommune sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse omfattar ikkje vurdering av behovet for befolkningsvarsling og evakuering.

*Regelverkstilvising:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2, tredje ledd, litra f

*Utdjupande kommentar:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt listar i § 2 opp ei rekke minimumskrav til kva ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse skal innehalde. Ei vurdering av behovet for befolkningsvarsling og evakuering er blant desse. Volda kommune sin analyse manglar dette, men oppfyller alle andre minimumskrav.

##### Avvik nr. 2

Volda kommune sin beredskapsplan oppfyller ikkje forskriftskravet om å samordne og integrere anna beredskapsplanverk i kommunen.

*Regelverkstilvising:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4, første ledd, andre punktum.

*Utdjupande kommentar:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt fastset i § 4 ei rekke minimumskrav til beredskapsplanen sitt innhald og planen sin funksjon.

Kriseplan for Volda kommune (Plan for kriseleiinga) er per no det øvste strategiske og operative beredskapsplanverket i Volda kommune. Verken denne planen eller andre dokument som er knytte til planen gir tilfredsstillande oversikt over det samla beredskapsplanverket i kommunen. Volda kommune sin beredskapsplan oppfyller alle andre minimumskrav.

##### Avvik nr. 3

Volda kommune har ikkje eit system for opplæring som sikrar at alle som er tiltenkt ei rolle i kommunen si krisehandtering har tilstrekkelege kvalifikasjonar.

*Regelverkstilvising:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 7, andre ledd.

*Utdjupande kommentar:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt fastset krav til opplæring i kommunen sin beredskapsorganisasjon. Volda kommune har ikkje etablert eit system som sikrar at dette fungerer.

### **Avvik nr. 4**

Volda kommune kan ikke dokumentere skriftleg at krava i forskrift om communal beredskapsplikt er oppfylte.

*Regelverkstilvising:*

Forskrift om communal beredskapsplikt § 9.

*Utdjupande kommentar:*

Dei langt fleste forskriftskrava er oppfylte, og dette byggjer sjølv sagt på at det føreligg skriftleg dokumentasjon av ulike typar. Kommunen har likevel ikke dokumentasjon på *alle* forskriftskrav er oppfylte – verken enkeltvis eller i ei samla framstilling.

Kravet i forskrift om communal beredskapsplikt må elles sjåast i samanheng med kommunelova § 23 nr. 2 som pålegg administrasjonssjefen eit generelt internkontrollansvar. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen vert driven i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar, og at den er gjenstand for tilfredsstillande kontroll.

### **3.2 Merknader**

Merknader er definerte som forhold som ikke oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

#### **Merknad nr. 1**

Volda kommune har gjennom planstrategien for 2012-2015 lagt eit konkret, ambisiøst og usedvanleg godt grunnlag for systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. I noverande form og med noverande status gjer denne strategien at Volda kommune oppfyller forskriftskravet (§ 3) om heilskapleg og systematisk arbeid.

Det er viktig at intensjonane i planstrategien vert følgde opp, og at den planlagde kommunedelplanen for samfunnstryggleik og beredskap får den tiltenkte funksjonen som overbygning og ramme for dette fagområdet. Fleire av dei konkrete avvika som er avdekte i tilsynet gjeld forhold som kan ivaretakast gjennom ein slik plan. Det same gjeld andre konkrete forhold som ikke oppfyller definisjonen av avvik, men der kommunen har forbetringspotensial – for eksempel:

- tydelege rutinar for øving
- tydelege rutinar for evaluering – både av øvingar og reelle hendingar
- tydelege rutinar for planrevisjon og plansamordning
- tydelege rutinar for faste møte i kriseleninga og beredskapsrådet

Eller heilt generelt: Tydelege rutinar for korleis Volda kommune sin beredskapsorganisasjon skal drivast og vedlikehaldast.

#### **Merknad nr. 2**

Kriseinformasjonsdelen av kommunen sin kriseplan oppfyller berre så vidt og under tvil forskriftskravet. Ved neste revisjon av kriseplanen bør dette temaet ha høg priorititet.



## 4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis dei avdekte avvika skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken. Sidan dette blir midt i hardaste jula, er fristen for oversending sett til **10. januar 2014**.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Ketil Matvik Foldal, [ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no](mailto:ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no), 71258483 / 41693480.